

# Kvam herad

VEDLEGG ①  
04 1277-225

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam heradsstyre	01.02.2005	012/05	SILA

Avgjerd av: Saksh.: Sigrid Laupsa	Arkiv: N-012 Objekt:	Arkivsaknr 2004001844
--------------------------------------	-------------------------	--------------------------

### Uttale til - NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regionar - Distriktskommisjonen

#### Samandrag:

NOU 2004:19- Livskraftige distrikt og regionar - utgreiing frå Distriktskommisjonen vart oversendt kommunane i slutten av oktober, med to fristar for uttale. 14.januar 2005 for spørsmål knytt til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Og 14.oktober for spørsmål knytt til struktur og oppgåver.

KS hadde tidlegare sendt ut KOU 2004:1 – Sterke regionar – forslag til ny regioninndeling av Norge, med frist for uttale 1.februar 2005.

Fylkesordføraren kalla politisk nivå inn til møte om temaet 23.november, og høyringsdokumentet frå Distriktskommisjonen vart lagt fram for formannskapet (arbeidsgruppe for kommunestruktur) som melding 30.november. I Kvam har det til no vore lite drøftingar/prosessar rundt desse tema. Det vert sett korte fristar for å gje uttale til komplekse saker, og administrasjonen har ikkje grunnlag for å tilrå eigen uttale frå Kvam herad.

Hardangerrådet har utarbeidd uttale som vart handsama i rådet i desember, som vi mottok 13.des. 04.

HR – sak 69/04 Distriktskommisjonen. Uttale frå Hardanger.

Vedtaket:

1. Hardangerrådet sender framlegg til uttale til NOU 2004 :19.
2. Hardangerrådet tilrår kommunane å handsama heile Distriktskommisjonen sone utfordringar med uttale innan høyringsfristen 14.01.2004.
3. Hardangerrådet vil handsama framlegg til uttale til KOU 2004:1 til Kommunenes Sentralforbund på neste møte og tilrår kommunane å svara innan fristen 01.02.2005.

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen, men vi legg ved heile saka frå Hardangerrådet, så får heradsstyret vurderer om dei ønskjer å slutta seg til uttalen, utarbeida eigen uttale eller ikkje gje uttale.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen.

## 01.02.2005 Kvam heradsstyre

### Framlegg frå Vigdis Håland, Ap:

Som uttalen frå Hardangerrådet.

1. Hardangerrådet sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
2. Hardangerrådet støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløysa meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet
3. Hardangerrådet sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået og forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået.
4. Hardangerrådet støttar Hordaland Fylkesting i at det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
5. Hardangerrådet sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei presiserande synspunkta som følgjer av saksutgreiinga punkta a) – i).

### Røysting:

Framlegget frå Vigdis Håland, Ap, fekk 21 røyster og vart vedteke. 6 røyster mot.

### HST-012/05 Vedtak:

1. Hardangerrådet sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
2. Hardangerrådet støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløysa meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet
3. Hardangerrådet sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået og forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået.
4. Hardangerrådet støttar Hordaland Fylkesting i at det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
5. Hardangerrådet sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei presiserande synspunkta som følgjer av saksutgreiinga punkta a) – i).

**Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

JournalID	Journalid.	Tittel	Avsendar
04/14489	21.09.04	KOU 2004:1 -Sterke regionar - Forslag til ny regioninndeling av Norge. Høyring	Kommunenes Sentralforbund, Oslo
04/16448	20.10.04	NOU 2004:19 høyring på Distriktskommisjonenes utredning	Kommunal- og regionaldep
04/19923	15.12.04	KOU 2004:1 Sterke regionar Forslag til ny regioninndeling av Norge. og NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regionar	Kommunenes Sentralforbund Hordaland
		<a href="http://odin.dep.no/krd/norsk/publ/utredninger/NOU/016001-020017/dok-bn.html">http://odin.dep.no/krd/norsk/publ/utredninger/NOU/016001-020017/dok-bn.html</a>  <a href="http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/utredninger/NOU/bn.html">http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre dok/utredninger/NOU/bn.html</a>	Nettadresser til NOU 2004:19 -
		<a href="http://www.ks.no/upload/51980/61845_regioner1.pdf">http://www.ks.no/upload/51980/61845 regioner1.pdf</a>	Nettadresse: KOU 2004:1 – Sterke regionar - kortversjon

## Saksopplysningar:

# NOU 2004: 19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER (DISTRIKTSKOMMISJONEN)

Høyringsfråsegn frå Hardangerrådet 09.12.04

## Innleiing.

Distriktskommisjonen vart sett ned av Regjeringa i februar i 2003. Mandatet vart å gå igjennom alle sider ved distrikts- og regionalpolitikken, og gjere framlegg om endringar i innretting og verkemiddelbruk. Kommisjonen sitt arbeid ligg føre som NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner, og er no til høyring i kommunar, fylkeskommunar og andre. Hardangerrådet er ikkje formell høyringsinstans, men Regionrådet har bestemt seg for å laga ei høyring som kommunane kan nytta seg av eller bestemma seg om å senda ei felles høyring gjennom Hardangerrådet.

Saka må sjåast i samanheng med sak om "KOU 2004:1 Sterke regioner - høyringsfråsegn" med høyringsfrist 01.02.2005 og til Vestlandsrådet si "Utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet".

## Uttalefristar.

Utgreiinga er sendt med to ulike høyringsfristar, 14. oktober 2005 for tema som er knytt til framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. For andre tema i utgreiinga er høyringsfrist sett til 14. januar 2005.

Hordaland Fylkeskommune meiner det er sentralt å handsama heile høyringa innan fristen 14. januar. Dette er også i tråd med tilrådinga til KS. Etter det me kjenner til, vil også dei andre fylkeskommunane uttala seg om heile meldinga. Det kan vere aktuelt å koma med ein supplerande uttale innan fristen 14. oktober 2005, dersom den politiske prosessen lokalt eller sentralt skulle tilseia dette. Dette kan vera ein fornuftig strategi også frå kommunane i Hordaland. Då vil ein også gje føringar inn mot den regionalmeldinga som Regjeringa skal presentera våren 2005, samt kopla uttalen til KS sitt arbeid med KOU 2004:1 Sterkere regioner.

**Hardangerrådet vel å svara NOU 2004:19, Distriktskommisjonen, samla for problemstillingar med høyringsfristane 14.01.05 og 14.10.05**

## Hovudinnhald i distriktskommisjonen

### Problemforståing

Distriktskommisjonen tar utgangspunkt i følgjande problemforståing:

- Språk mellom mål og røyndom. Sentraliseringa held fram som før, og dei verkemidla som blir sett inn er ikkje tilstrekkelege til å kunne endre utviklinga. Likevel høyrer me den politiske retorikken og målsettinga om å bevare hovudtrekka i busettingsmønsteret.
- Verdiskapingspotensial som ikkje blir utløyst. I heile landet, og særleg i distrikta, er det ressursar som ikkje blir utnytta. Handlingsromma lokalt blir innsnevra i ein slik grad at lokalsamfunn ikkje lenger blir i stand til å ta ansvar for eiga utvikling.
- Mangel på heilskapsperspektiv. Ein meir sektorisert statleg politikk (t.d. gjennom ulike regioninndelingar) gjer det vanskelegare å tilpasse regional- og distriktpolitikken til føresetnader og utfordringar i det einskilde lokalsamfunn og den enkelte region.

## Visjon

Utvalet gjer framlegg om følgjande visjon:

*"Vidareutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom et aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tjenestetilbud i hele landet, med sikte på å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret"*

Hovudmålet for distriktskommisjonen er å skapa vekst og utvikling i alle delar av landet, for på denne måten å auke den nasjonale verdiskapinga. For å sikra dette, må politikken ha eit regionalt perspektiv, som går ut over den einskilde kommune, og vera tilpassa føresetnader og behov i den einskilde region.

Heile kommisjonen tilrår at ein hovudstrategi bør vere å desentralisere makt til underliggjande forvaltningsnivå. Vidare at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetja distrikts- og regionalpolitiske målsettingar knytt til dei ulike politikkområda.

Fleirtalet meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Fleirtalet meiner regionane bør ha eit heilskapleg ansvar for regional utvikling og ta over viktige oppgåver innan infrastruktur og samferdsel, utdanning og forskning, næringsutvikling, kultur og idrett, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning, visse oppgåver innan helse samt verkemiddel innan viktige distriktsnæringer.

Mindretalet ønskjer ei avvikling av fylkeskommunen og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalde nivå. Først og fremst ser ein føre seg ei samanslåing av kommunar, for mellom anna å skape einskaplege forvaltningsstrukturar rundt dei naturlige arbeids-, bu og serviceregionane som har vokse fram over tid. I tillegg meiner mindretalet at ein del oppgåver må løysast på eit større regionalt nivå. Dette kan dels gjerast gjennom fleksible samarbeidsmodellar mellom kommunane, og dels ved å vidareutvikle fylkesmannsembetet eller bli erstatta med ein ny regional struktur, t.d. leia av politisk oppnemnde representantar for den sittande regjeringa ("guvernørar").

Utgreiinga inneheld også ei rekkje konkrete framlegg for å auka verdiskaping i heile landet.

### Premissar for måldiskusjon

Distriktskommisjonen har lagt følgjande premissar til grunn for sin måldiskusjon:

- I tråd med *nærleiksprinsippet* bør avgjerder blir gjort på det lågaste effektive forvaltningsnivået. Avgjerder som krev skjønn eller inneber prioriteringar mellom ulike omsyn og interesser bør gjerast av direkte folkevalte organ.
- Målsetjingane i distrikts- og regionalpolitikken skal vere *ærlege*. Dei skal skildre ei ønska utvikling, vere realistiske i forhold til kva som er mogleg å oppnå og dei skal vere balanserte i høve til andre samfunnsmessige målsettingar.
- Norsk næringsliv må vere i stand til å møte internasjonal konkurranse både ute og heime.
- Målsetjingane skal vere *forutsigbare* og *robuste*. Det vil seie at dei bør kunne stå seg over tid, både i høve til utviklinga i nasjonale og internasjonale rånevilkår, og i høve til skiftande konstallasjonar i Stortinget.
- Einskildmenneske og næringsaktørar gjer sine *eigne og frie val*, innanfor dei rånevilkåra samfunnet og fellesskapet sett.
- Busetnadsmonsteret vil i hovudsak liggje fast i lang tid framover.

- Samfunnets *evne til å endre seg og møte nye utfordringar* vil vere grunnleggjande for å kunne lukkast i distrikts- og regionalpolitikken.
- Våre rike *naturressursar* skal fortsett nyttast til å bygge landet.

Kommisjonen skil mellom regional- og distriktspolitikk:

**Regionalpolitikken** skal fokusere på å:

- gjere verdiskapinga i landet størst mogleg
- å styrkje samspelet mellom sentrum og distrikt
- territoriell samordning av m.a. statleg sektorpolitikk

**Distriktspolitikken** skal kompensere for geografiske veksthindringar og stimulere til lokal tiltakslyst.

I følgje distriktskommisjonen er det eit stort handlingsrom for å endre kurs. I den breie distriktspolitikken står vi stort sett fritt, mens i den smale og næringsretta politikken har vi eit stort unytta handlingsrom

## **Kommunane**

Når det gjeld kommunane, meiner kommisjonen at det fortsett bør vere generalistkommunar. Dei rår også til at det bør overførast ytterligare oppgåver og ansvar til det *kommunale nivået*. Dette for å gje kommunane større mogelegheit til å ta ansvar for eigne ressursar og eiga utvikling. Spesielt vil det være aktuelt å styrkje kommunane sitt ansvar for arealforvaltning, næringsutvikling og stadutvikling.

Distriktskommisjonen viser til at særleg i dei tett folketette områda er det mange kommunegrenser som splittar tett kopla arbeids-, bu og serviceregionar (ABS-område). Dette er områdar som er sterkt avhengig av kvarandre og kor det er behov for planlegging på tvers av kommunegrenser. Det er desse områda som bør prioriterast i ein gjennomgang av kommunestrukturen. Fleirtalet i kommisjonen meiner mange distriktskommunar har så stort areal og så spreitt busetting, og at ei samanslåing mellom slike kommunar og vil gi lita gevinst.

Mindretalet som ønskjer ein to-nivåmodell, vil ha ei utvikling av større kommunar som omfattar felles arbeids-, bu- og serviceregionar.

## **Samspel mellom nivåa.**

Fleirtalet i kommisjonen som ønskjer ein tre-nivåmodell rår til at det vert utvikla nye samarbeidsformar mellom statleg og regionalt nivå. Staten har det overordna ansvaret, samstundes som det regionale nivået får meir forutsigbare rårer og større fridom. Heilskaplege og fokuserte regionale plandokument må bli viktige premisser i den statlige planlegginga. Kommisjonen meiner det må vere dialog, forhandlingar og forpliktande avtaler mellom statlig og regionalt nivå.

## **Attraktive og livskraftige samfunn**

Heile kommisjonen er samde om at det må vere samsvar mellom kommunale oppgåver og økonomiske ressursar. Rammefinansiering bør vere hovudprinsippet i det kommunale inntektssystemet. Innan dei økonomiske rårer bør lokalpolitikarane få avgjere korleis velferdstilbodet skal utformast.

Eit fleirtal meiner at kommunesektoren bør ha forhandlingsrett med staten om utvikling og iverksetjing av nye oppgåver som kommunane blir pålagde. Eit mindretal meiner kommunane bør regulere sine egne inntekter gjennom innføring av fri beskatningsrett.

Eit fleirtal meiner inntektssystemet bør kompensere for at distriktskommunane har andre føresetnader enn større og meir sentrale kommunar. Eit mindretal meiner at dei viktigaste primæroppgåvene bør finansierast gjennom stykkpris.

### **Geografisk differensiering av verkemiddel**

Innan den smale distriktpolitikken bør det bli gitt prioritet til tiltak for å utvikle nye og sikre levedyktige arbeidsplassar i distrikta, tiltak retta mot fornying og omstilling og tiltak som kan styrkje samspelet mellom by og land innan den einskilde region.

Eit fleirtal tilrår at den smale distriktpolitikken vert tilført meir midlar, og at husbanken blir styrkt som ein ålmenn bustadbank som blir gitt låneråmer som står i forhold til det etterspurte behov. Husbanken bør ha betre moglegheit for å finansiere nybygging i område der annenhandsverdien av bustader er låg. Eit anna fleirtal vil oppretthalde og auke pendlarfrådraget.

Eit fleirtal tilrår at den differensierte arbeidsgjevaravgifta bør i så stor grad som mogleg bli oppretthaldt og gjeninnført dersom regelverket i EU tillet dette. Eit mindretal vil ikkje gjeninnføre ordninga.

Heile kommisjonen meiner det distriktpolitiske verkemiddelområdet bør fortsett definerast slik at ein kan ha ulik verkemiddelbruk i områder med ulik distriktsutfordringar.

Eit fleirtal meiner at for å unngå at dei mest sårbare småsamfunna forvitrar, er det viktig å oppretthalde grunnleggjande tilgang på tenester. M.a. bør støtta til nærbutikkar vidareførast, og førstelinetenesta for statlege etatar bør leggjast til rette i eit samarbeid med kommunen.

Eit fleirtal meiner tiltakssona for Nord-Troms og Finnmark bør oppretthaldast så lenge dei distriktsmessige utfordringane i dette området er som i dag. Blir situasjonen endra, bør situasjonen bli vurdert på ny. Same type sterke verkemiddel bør kunna nyttast i andre område av landet. Eit mindretal meiner det bør opprettast eit nasjonalt senter for småsamfunn.

### **Tilrådingar når det gjeld styringsstruktur.**

Heile kommisjonen tilrår at ein hovudstrategi bør vera å desentralisera makt til underliggjande forvaltingsnivå. Vidare at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetja distrikts- og regionalpolitiske målsettingar knytt til dei ulike politikkområda. Den statlege politikken bør ta utgangspunkt i at dei ulike regionane har ulike føresetnader for vekst. Fleirtalet i kommisjonen (12 personar) meiner det må leggjast opp til ei styrkt territoriell samordning av statleg sektorpolitikk på regionalt nivå.

Trenivåmodell: Fleirtalet (12 medlem) meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Sterke og sjølvstendige regionar må ha makt til å foreta ei reell territoriell samordning av politikken på dei områda som er viktige for regional utvikling. Meir ansvar og mynde til dette nivået betyr ikkje utan vidare at det regionale forvaltningsnivået må utføra alle oppgåvene sjølv. Det viktige er at regionane får bestillaransvaret.

Eit medlem i fleirtalet argumenterer for ein modell med rundt 80 regionkommunar, i hovudsak basert på dagens kjente arbeids- bu og serviceregionar. Det er ulike synspunkt blant fleirtalet om kor mange regionar Noreg bør ha i framtida.

Tonivåmodellen. Mindretalet (3 representantar) ønskjer ei avvikling av fylkeskommunen og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalte nivå. Først og fremst ser ein for seg ei samanslåing av kommunar, for mellom anna å skapa einskaplege forvaltningsstrukturar rundt dei naturlige arbeids-, bu og serviceregionar som har vakse fram over tid. I tillegg må ein del oppgåver løysast på eit større regionalt nivå. Dette kan dels gjerast gjennom fleksible samarbeidsmodellar mellom kommunane, og dels ved å vidareutvikle fylkesmannsembetet eller bli erstatta med ein ny regional struktur, t.d. leiast av politisk oppnemnde representantar for den sittande regjeringa ("guvernørar").

## **Hardangerrådet sine vurderingar.**

### **Eit sterkt folkevald regionalt nivå**

Etter Hardangerrådet si vurdering gir distriktskommisjonen ei god skildring av dei viktigaste utfordringane innan distrikts- og regionalpolitikken. Det er grunn til å leggja merke til at sjølv om det er ulike syn i kommisjonen når det gjeld dei ulike vegvala, er det grunn til å presisera at dei er samde om skildringa av utfordringane, og er samde om overordna strategiar. Alle er også samde om at det er behov for ei sterkare koordinering på regionalt nivå.

Distriktskommisjonen kjem med ei heilskapleg tilråding, der dei ulike framlegga og tilrådingane inngår i ein heilskap. Hardangerrådet vonar at einskildframlegg ikkje blir trekte ut og handsama separat utan nokon heilskap.

Distriktskommisjonen skildrar ein fragmentert statleg politikk, der kvar sektor organiserer seg ut i frå kva som er optimalt i den einskilde sektor. Dette fører til mangel på heilskaplege løysingar. Vi har mange døme på dette, t.d. at ulik geografiske inndelinga av statlege etatar. Dette vanskeleggjar ei samordna styring. Og me ser at sektorar som t.d. helseføretak omorganiserer utan at dei tek omsyn til at dette påfører kommunar og andre etatar meir kostnader. Styring på regionalt nivå, med dei oppgåver kommisjonen meiner bør liggja på dette nivået, handlar om å utvikle samfunnet i heile sin bredde. Det er ei anna strategi enn å administrere ulike samfunnssektorar. Me meiner difor at ein heilskapleg og samordna politisk innsats stiller krav til regionalt folkevald leiarskap.

**a) Hardangerrådet vil på dette grunnlag gje si støtte til kommisjonen si fleirtalstilråding om eit folkevald nivå mellom kommunar og stat som har ansvar for regional utvikling innan sine geografiske grenser på nærmare fastsette område.**

### **Vestlandsregion.**

Skal det opprettast sterke regionar, må dei ta det fulle ansvar for å ta avgjerder. Dette kan bidra til å gje regionane ein sterkare legitimitet i folket til også å ta vanskelege avgjerder, og til å gjennomføra vedtaka på ei effektiv måte. På den måten kan ein unngå at saker må gå igjennom fleire nivå før avgjerder vert teke.

Val av styrings- og finansieringsmodellen må byggja på at regionane skal vere eit sterk og sjølvstendig forvaltningsnivå, med klårt definerte oppgåver, ansvar, myndigheit og finansiering. Dette skal gi regional meirverdi til den nasjonale politikken ved å ivareta nasjonale interesser i politikkkutforming og gjennomføring. Slike sterke regionar vil gje det



beste grunnlaget for eit omfattande og forpliktande samarbeid med stat, kommune, næringsliv og organisasjonar om regionale utviklingsspørsmål. Ei hovudutfordring vil vere å utforma eit styringssystem slik at regionane vert sikra fridom og handlingsrom innanfor râmene av ei overordna nasjonal styring. Dette må utgreiast vidare, men me trur det er naturleg at regionane i hovudsak blir råmefinansiert. Regional skatterett bør greiast ut som del av styringsretten over lokale ressursar. Det bør også vurderast om både det kommunale og regionale nivået bør bli grunnlovsfesta. Dette vil kunne gje større moglegheit for å sikre at det såkalla subsidiaritetsprinsippet (at avgjerder skal bli teke på lågast effektive nivå) vert fylgt.

**b) Hardangerrådet meiner at når regionane skal ta over ansvar for breie samfunnsoppgåver, krev dette større regionar enn dagens fylkeskommunar. Me finn det naturleg at det vert arbeidd vidare med å etablere ein region på Vestlandet med heile eller delar fylka som inngår i Vestlandsrådet.**

Hardangerrådet meiner at større regionar vil ha større gjennomslagskraft på nasjonalt og internasjonalt nivå. Regionane kan naturleg då også ta ansvar for internasjonalt samarbeid med andre regionar. Landsdelane har også behov for eit sterkt nasjonalt nivå som kan tale landsdelen si sak. Dette vil motverka ei stadig sterkare sentralisering til Oslo-området.

### Oppgåver for sterke regionar

Hardangerrådet gir ei klår prinsipiell støtte til tilrådinga til fleirtalet i distriktskommisjonen om kva for oppgåver det regionale nivået bør ha ansvar for. Den vidare prosessen bør definera oppgåvene ytterlegare.

Innan helsevesenet er me og samde i at det sentrale i første omgang er at det regionale folkevalde nivået har påverknad på strategiske vegval til helseføretaka. Eit første skritt kan vere at lokale og regionale folkevalde blir representerte i styra for føretaka

I dag har fylkesmannen og fylkeskommunen delvis overlappende kompetanse. Samordning av oppgåvene mellom fylkesmann og fylkeskommunen vil kunna gje eit meir kvalifisert administrativt apparat og bidra til å effektivisere forvaltninga. Det vil då vere naturleg at fylkesmannen sine oppgåver blir avgrensa til tilsyn, klagehandsaming og kontroll, samt samfunnsberedskap.

Me ser i dag ei detaljert statleg styring innan ei rekkje samfunnssektorar, og svak kommunal og fylkeskommunal økonomi. For fylkeskommunen – og dei fleste kommunane er det også avgjerande å få større råderett innan dei ansvarsområda ein har i dag. Det viktigaste for ein region vil truleg vera å ha handlingsrom og å få disponera frie midlar til regional utvikling.

Ved fastsetjing av dei økonomiske râmene for dei nye regionane er det viktig at ein stor del av verdiskapinga vert verande i regionen. Lokal skattleggingsrett må aukast i forhold til statlege overføringar. Ved statlege overføringar, må prinsippet vera at pengane følgjer oppgåvene. Det vil vera viktig at staten si regionale organisering må tilpassast regionane si organisering.

**c) Hardangerrådet støttar Uttalen frå Hordaland Fylkeskommune om naturlege og framtidige oppgåver for regionalt nivå. Skal det vera eit meiningsfullt folkevalt regionalt styringsnivå, må dei statlege oppgåver som gir til landsdelen påverknad over eigen utvikling overførast til det regionale styringsnivået.**

### Oppgåver for det kommunale nivået

Det er viktig at kommunane får auka handlingsrom og økonomi slik at dei kan drive meir aktiv samfunnsplanlegging og samfunnsutvikling og ikkje berre gjennomføra underfinansierte pålagde statlege pålegg.

Det må vere eit godt samspel mellom kommunane og regionen i regionalt utviklingsarbeid. Kommunane må ha stor påverknad på utvikling av politiske strategiar og verkemiddelbruk på regionalt nivå. Det er viktig for å få til gode, regionalt tilpassa samhandlingsprosessar mellom kommune- og regionnivå.

d) **Hardangerrådet meiner at alle oppgåver som kan leggjast til det kommunale nivået skal leggjast til kommunane i tråd med nærleiksprisippet. Kommunane må setjast i økonomiske stand til å utføra oppgåvene sine.**

#### Dei store byane

e) **Hardangerrådet meiner dei store byane er viktige som økonomiske og politiske motorar sine landsdelsregionar, men har også viktige nasjonale funksjonar. Regionane har særleg eit ansvar i høve til å leggje strategiar og ha verkemiddel for å nytte "motorkrafta" frå byane.**

#### Grunnrente for havbruk

f) **Hardangerrådet er samd med framlegget om at kommunane bør få "grunnrente" for bruk av sjøareal til havbruksnæringa. Areal er ei avgrensande faktor for utvikling av næringa, og inntekter vil kunne gje kommunane insentiv til å leggje ut areal til næringa.**

#### Distriktsverkemiddel.

g) **Hardangerrådet meiner det er sentralt å leggje til rette for innovasjon og nyskaping i ei framtidig næringspolitikk, men verkemiddelbruken må byggje på dei lokale føresetnadene for regionen. Hardangerrådet tilrår å oppretthalde og auke pendlarfrådraget som viktig verkemiddel for busetnad.**

**Hardangerrådet støttar distriktskommisjonen sine tilrådingar når det gjeld innretting av den smale distriktpolitikken og at det er behov for å styrkje dette feltet. Det er også behov for å kunne bruke verkemidla meir fleksibelt, som å kunne bruke regionale utviklingsmidlar til tilretteleggjande tiltak som kjem heile regionen til gode. Dette er t.d. viktig i høve til ei vidare utvikling av marin sektor.**

**Hardangerrådet meiner det bør utviklast og takast i bruk modellar som avdekkar regionalt og lokalt verdiskapingspotensiale innanfor ulike bransjar.**

#### Energipolitikk.

h) **Hardangerrådet meiner energipolitiske spørsmål som vasskraft og gass, burde ha vore omtalt i utgreiinga. Gjennom verna vassdrag og nasjonale verneområde har Hardanger fått avgrensa inntekter frå desse ressursane, som må vurderast kompensert. Hardangerrådet meiner desse områda bør tas med i regionalmeldinga.**

#### Samferdsel.

i) **Hardangerrådet meiner vidare at i framtidige store regionar vil det vere sentralt å betre dei interne kommunikasjonane i regionen for med dette å kunne knyte saman arbeids- og bustadregionane. Auka satsing på infrastruktur er avgjerande for velfungerande regionar og distrikt.**

#### **Framlegg til innstilling:**

6. **Hardangerrådet sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.**

7. Hardangerrådet støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløysa meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet
8. Hardangerrådet sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået og forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået.
9. Hardangerrådet støttar Hordaland Fylkesting i at det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevald, regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
10. Hardangerrådet sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei presiserande synspunkta som følgjer av saksutgreiinga punkta a) – i).